

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Voss

Emne: Julenissen

Bygdelag: Kvithli

Oppskr. av: Bård Lid f. 28/1 1893

Gard: Øvre Lid

(adresse): Lina Mork, Valda

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Julenissen.

1. I min barndom kjende me herre jolenissen som fjørnisse. D. v. s. ein ærlig luftkall dei trudde på føv, og gav rjomegraut.

At han skulle vera ein fyr som kom jolaftan og delte ut jolegaver, veit eg ikkje av at eg høyrde om føv opp mot konfirmasjonsalderen (1907).

Da' las eg om det i bøker, og såg jolenissen avteikna på julebøker, med sekk på rygga og jolegaver. Jolenisse på kort såg eg aldri i dei dagar, julekort var anmarkeis.

Eg meiner det var eit stykke ut i (virt århundre for nokon kludde seg ut som nisse og skremde småbarna (1915-20 år). På festar var det dyrst brukt i vår bygd, og så vilt eg veit, og i andre bygder på Vestlandet og i Telemark. Det kunne vera barnefestar, eller festar for ungdom. Litt seinare, eller om lag samtidig kom der ein nisse i sume heimar,



2  
men han synt seg berre, og dette ikkje ut gaver.

2. I vår heim har det aldri vore brukt at jølemissen kom med gaver. Gåvene vart lagde under jøletreet. Så har det vore i dei fleste grendene der eg er kjend, og er skikk den dag i dag. Slik er det også i Nordbyggda, Gloppen i Nordfjord, der eg var siste jøl.

Eg har høyst dei i seinare tid, i same hus, har brukt at jølemissen kom med jølegåvene (og dei alle) i ein sekk på ryggen jøleftan.

Jølemissen fór på dø att, og fekk ikkje noko for sitt skew.

Små born som ikkje har vit på utkledding - og slett ikkje masker - har sitt verste skræmde. Og mange har derfor imot denne nye skikken.

3. Det har vore ein av dei mamdege medlemmer i huslyden som har kledd seg ut, far eller farteror eller andre. Eg har ikkje høyst at han skulle vore stor og stasleg. Helst skulle han vel vera liten. Men stor var han litt - og krøkte seg i hop og gjorde seg mindre.

4. Dei kosta seg i andletet, måla barter på seg, og gjorde seg ukjemelege på guse vis. Målet skapte dei og om og brukte eit slag sjauaremal når dei tala.

Seinare fekk dei seg maska med kvitt skjegg. Klede var skimbrøk (knebrøk), kvile sokkar, flamma sokkeband, gamle sko (hudsko om dei hadde), raud undertøy, eller flurifuga spöttrøya, raud toppluva (stry-



- skuva). Stundom kunne dei ha ein no-  
 ko sid open frakk utafor klede. Det  
 var gjerne gamle slitne klede og frakk.  
 5. Maskene kjøper dei. Ikkje klede eller  
 anna utstyr.  
 6. Ja, i dei siste tiara. Ikkje for.  
 7. Nei.  
 8. Ikkje anna enn som utslag samanlik-  
 ning. Eller slik at ein tek den gamle  
 jolenissen, teifen, som eit fyrebilete  
 på jolenissen med gaver.  
 9. Nei. Jolegaver til grammane hengde  
 inn i eit band i dørhanka, anten det  
 var til born eller vaksne hjå grammen.

Tillegg til spm. 1.

Jolenissen på festar var eit innslag  
 i programmet. Ein utkledd nisse kom  
 inn med sekk på ryggen og delte ut små  
 gaver til sume på festen. (I ein skilde  
 høve også til alle, det kunne ikkje då  
 vera så svært mykje folk). Det kunne òg  
 vera berre jolegost han delte ut, men det  
 sur eg var seinare. Jolegost hausta dei  
 på joletruet i den fyrste tida.

Småborn kunne få slik stökk i seg når  
 dei såg jolenissen, at dei klamra seg  
 til foreldra og skreik. Og dei var redde  
 at borna tok skade av det.

På Sagavoll ungdomsskule, Neshov, Te-  
 lemark hadde dei jolenisser på ein fest  
 for elevane, og borna til lærarane (det  
 var ikr. 1920). Der var det 2 nissar. Hus-  
 mora som var svært lita på vekst varden  
 liten nisse, ei kjempestor kjøkenngjenta



ein stor. Dei kom inn i lag, den store  
bar sekken med gjevne, den vesle sprang  
attmed og gjorde mange avstikkerar. Da  
den store misen sette sekken ned, sprang  
den vesle bort, treiv pakker og delte  
ut. Og då det var gjort, hoppa den ves-  
le opp i sekken, den store slengde den  
på rygg og vandra ut med vestemisen  
i sekken. Det vekte stor jubel.